
NOTAT

19.10.2017

Vurdering sentrumsavgrensing

I møtet med arbeidsgruppa 31. oktober 2017 blei det avgjort at alternativ 1 med Hallingmo blir lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

Dei overordna føringane for kommunedelplan for Gol (vedtekne av formannskapet 21. september 2017) seier at det skal utarbeidast ei sentrumsavgrensing. I følgje dei overordna føringane skal sentrumsavgrensinga nyttast for å sikre at:


- Næringsliv og offentlege verksemder med mange arbeidsplassar og stor besøksintensitet, til dømes detaljhandel, skal lokalisrast innanfor sentrumsavgrensinga.
- Verksemder med færre arbeidsplassar, mindre besøk og/eller ulemper knytt til støy og støv skal lokalisrast mindre sentralt.
- Det skal leggest til rette for konsentrert bustadbygging i sentrum. Bustadene må ha kvalitetar som er tilpassa målgruppene og felles uteopphaldsareal kan løysast i offentlege rom som parkar og liknande.
- Det skal vera akseptabel gangavstand frå den eine enden til den andre av sentrumsgrensa.
- Funksjonar som offentleg og privat tenesteyting, detaljhandel, kontor, hotell og bevertning skal i hovudsak lokalisrast innanfor sentrumsgrensa.
- Innanfor sentrumsgrensa skal prinsippa om utnyttingsgrad og byggjehøgder i områdeplan for Gol sentrum leggest til grunn.
- Innanfor sentrumsgrensa skald et vere gode gangaskar på tvers som byggjer opp under «Gol på tvers»
- Sentrum skal tilretteleggast slik at folk kan velje å gå mellom funksjonane i staden for å køyre bil.
- Sentrumsfunksjonar, som offentleg og privat tenesteyting skal lokalisrast slik at dei er tilgjengelege for alle.

I vurderinga av sentrumsavgrensinga har me lagt til grunn følgjande kriterium:


- **Tilgjenge:** Sentrumsavgrensinga har blitt gjort med tanke på kor lett det er å ta seg fram internt i sentrum. For at det skal vere ein akseptabel gangavstand frå den eine enden av sentrum til den andre har me sett 1 km i luftlinje mellom målpunkt i ytterkantane som ei rettesnor.

- **Funksjonar:** Funksjonar og område som støyar og bråkar, eller legg til rette for arealkrevjande handel er lagt utanfor sentrumsavgrensinga. Derfor er Storøyne og Vikojordet ikkje tatt inn i sentrumsavgrensinga. Dei områda som har funksjonar som samsvarar med sentrumsføremål blir teke inn. Enkelte føremål, som sjukeheim, ligg i tilknytning til sentrum, men er ikkje innanfor sentrumsavgrensinga. Det er fordi området som sjukeheimen ligg i ikkje utmerkar seg som eit sentrumsområde. Sjukeheim er også eit butilbod til eldre, og bør ha tilknytning til sentrum, men treng ikkje vere avgjerande for sentrumsavgrensinga.
- **Sosiale fellesareal:** Areal som er viktige som sosiale møteplassar bør vera innanfor sentrumsavgrensinga. Hallingmo er derfor foreslått innanfor sentrumsavgrensinga.
- **Fortetting:** Område som er eigna for fortetting blir teke inn i sentrum. Område med einbustader blir i hovudsak teke ut.
- **Grøntareal og fellesareal** som bind Gol saman «på tvers» er innanfor sentrumsavgrensinga. Elva er ein naturleg avgrensing av området, og ved å innlemme elvebreidda i sentrum vil ein opne for moglegheitene for å knyte dette til sentrum.
- **Geografiske avgrensingar:** Landbruksområde er ikkje eit sentrumsføremål og dannar ei naturleg barriere mot sentrum. Andre naturlege avgrensingar er vassdraget og større bustadfelt.

Dagens sentrumsavgrensing i kommunedelplanen frå 2006 (brunt felt):



Alternativ 1: Eksisterende sentrumsområde inkludert areal mot elva, kommunehuset og Hallingmo. (Vedteke)



Alternativ 2: Eksisterende sentrumsområde + kommunehuset og areal mot elva

